



Høgskulen
på Vestlandet

Sjukepleiarutdanninga på Stord **40-årsjubileum**





“

Å velje sjukepleiar-
utdanning er ikkje berre
eit studieval, det er òg eit
verdival. Evne til å vise
empati, omsorg og respekt,
ta ansvar, kommunisere og
samarbeide er viktig for ein
sjukepleiar. Du må kunne
tenke og handle raskt, og
våge å ta leiinga i hektiske
og kritiske situasjonar.

Minnebok frå
Stord Sjukepleiarhøgskule
-Kull-88-



Program

Jubileumsseminar tysdag 28. november 2017

TID	TEMA
10.00	Velkommen v/ studieleiar Leif Steinar Alfsvåg (HVL)
10.05	Musikkinnslag v/ Fanny Edner Sand, Jørn Børle og Benjamin Eriksen.
10.20	Helsing v/ rektor Berit Rokne (HVL)
10.30	Innlegg v/ professor emeritus Ida Torunn Bjørk (Universitetet i Oslo) - Ei betre sjukepleieutdanning gjennom forskning?
11.05	Pause
11.20	Helsing v/ studieleiar Tone Kringeland (HVL)
11.30	Innlegg v/ professor Arild Raaheim (Universitetet i Bergen) - Kva utfordringar for undervisning og læring følgjer med bruk av ny teknologi?
12.10	Intervju med Lars Arne Nilsen (tidlegare student og no trenar i Brann)
12.20	Lunsj
13.10	Innlegg v/ førsteamanuensis Kari Thorkildsen (HVL) - Kjernen i klinisk helse- og omsorgsvitskap
13.25	Innlegg v/ seniorrådgjevar Eva Halvorsen (HVL) - Eit skråblikk på utdanninga gjennom 40 år
14.00	Panelsamtale - Kva er utdanninga sine utfordringar inn i framtida? • Liv Kari Eskeland (H), Stortingspolitikar • Magne Rommetveit (AP), Stortingspolitikar • Arne Valen, Dagleg leiar i Kirkens Bymisjon • Mette Mikkelsen, Regionleiar i Norsk Sykepleierforbund • Ida Torunn Bjørk, Professor ved Universitetet i Oslo • Møteleiar: Tone Kringeland, studieleiar HVL
14.45	Helsingar
15.10	Avslutning og musikkinnslag



Som sjukepleiar
utgjer du ein
forskjell i
menneskes liv.
Du møter friske
og sjuke
menneske i
ulike livs-
situasjonar.

Første kull utdanna ved Stord Sjukepleiarskule

Og skulen har fått elev-teikna emblem

Det var ein historisk dag for Stord Sjukepleiarskule då styreformann Åge Foseid freid første 23 sjukepleiarane som er utdanna ved skulen. Det var 24 hausten 1977 og 23 av dei har fullført utdanninga. Oppunder jul er det klart for uteksamining av eit nytt kull sjukepleiarar ved skulen.

11 av dei 23 første kjem i alle

høve til å ta seg arbeid i Hordaland fylke, kunne rektor opplysa på avslutningsfesten.

Og motivet på nålene som dei 23 fekk utlevert, er teikna av ein elev ved skulen. Kristin Vågå heiter ho – og ho fekk på festen overlevert 500 kroner for sitt vinnarmotiv i den utlyste konkurransen om emblemet.

Motivet er eit tre som symdar på vekst og utvikling, men der kan og tolkast som to hender som vernar om spiren som

symbolet på liv. Med på denne feste...

første kullet
pleiarskule
sier frå Sosial
frå Hordaland f
tenesta i og ul
sjonar og frå skul

Mange problem

Rektor Magnhild
gav eit attendesyn ov
leggingstida og dei før

Sunnhordland 25 ÅR
mai

Endeleg visse:

Sjukepleiarskulen på Stord startar ti

Det var ein glad og lukkeleg rektor Vestheim hadde på tråden fredag. Då kunne ho stadfesta opp ein klasse på 24 elevar ved den nye sjukepleiarskulen på Stord til hausten. Som kjent har det lenge vore skort på lærekrefter. Dette med lærekreftene er ikkje heile avklåra, men tingingane er i gang går på den mellombels klassen i Bergen.


Desse tingingane er komme så langt at dei kjem i gang.

Ved sjukepleiarskulen er det tilsett ein lausvanskeleg å seia kor mange det er trøng for kva kvalifikasjonar dei har.

Med ny skule og ein søkjarmasse på 300 hyggjeleg at undervisninga kan starta til hausten i Vestheim. Ho gjer likevel merksam på at det er slutt. Det vert teke sikte på å ta opp eit nytt kull til 1980 då skulen ska vera fullstendig fram til det trøng for 2-3 nye lærarar.

Det er positivt at fylkesutvalet i Hordaland stipend til sjukepleiarar som vil gå læra ved sjukepleiarskule. Dette er likevel tiltak nytte av om 2-3 år, seier rektor Vestheim.

Det første kullet med sjukepleiarar ved Stord Sjukepleiarskule tel 23. Det er: Elin Aksdal, Karin Bull-Tornøe, Bjørge Djuvaland, Egil Engelsen Eide, Ragnhild Ek, Anne Lise Flatebo, Høgne Hektorson, Bodil Tove Jordal, Torhild Fjelland Kannelønning, Linda Kaalaa, Anne Elisabeth Kjelstorp, Mona Helene Kvalsvåg, Arne Langøen, Ingrid Lund, Gerd Margrethe Minde, Roald Nes, Gunn Reiksten, Sissel Iren Simonsen, Gro Sperrevik, Sigrid Tysen, Ingrid Aud Økland, Karl Johanne Øvstedal og Ragnhild Aarland.



Sjukepleiar- utdanninga på Stord

SIDAN
1977

il hausten
Sunnhordland"
at det veri teke
leiararskolen på
tvisse om
sten grunna
er til no framleis
med elevar som
er klårt at skulen
er, det er
Det kjem alt an på
0, er det svært
austen, seier rektor
problema så langt frå
kull kvart semester
med elevar. Til kvart
aland har gjeve 3
rlina ved Norges
som skulen først vil dra
eim.

17. august 1977 starta 24 elevar på sjukepleiarutdanninga på Ådland på Stord. Det var stor mangel på sjukepleiarar i Hordaland, og fylket helste utdanninga svært velkommen. Utdanninga på Stord kom i stand etter at Røde Kors sykepleieskole i Bergen blei lagt ned. Tidlegare hadde denne skulen hatt sine elevar i praksis ved Furuly Helseheim.

Mangel på kvalifiserte sjukepleielærarar førte til at Fylket ga stipend til tre sjukepleiarar som skulle ta lærarutdanning ved Norges Høyere Sykepleierskole. Hordaland Fylke sette og i gong to lærarutdanningskurs i Bergen. Desse initiativa blei til stor hjelp for skulen som i 1979 fekk fire lærarar frå denne utdanninga. Fylkessjukehuset på Stord hadde og ei avgjerande betydning for at det blei oppretta sjukepleiarutdanning på Stord.

Skulen hadde i sine 27 første år adresse Olvikvegen, oppkalla etter naturlege Ole Olvik som i 1908 starta opp Furuly helseheim som seinare vart til Fylkessjukehuset, seinare Stord sjukehus og no som ein del av Helse Fonna.

I 1980 kom Stord sjukepleiararskule i full drift med seks kull under utdanning.

Stord sjukepleiararskule hadde ved opninga eit areal på 6111 kvm i nye lokale med hybelhus og undervisningsbygg til ein kostand på 17,2 millionar kroner. I hybelbygget var det 120 hyblar, leilegheit til husmor og vaktmeister, samt kantine og peisestue.

Undervisningsbygget bestod av tre klasserom, auditorium og bibliotek. Det var og ei moderne demonstrasjonsavdeling innreia som ein sjukepost med tre pasientrom, skyllerom, kjøkken og vaktrom.

I 1986 blei sjukepleiararskulen ein del av det statlege høgskulesystemet og fekk såleis sin plass i det regionale høgskulelandskapet, og namnet blei Stord sjukepleiarhøgskule.


Første rektor var Magnhild Vestrheim. I 1983 overtok Britt Ersland som rektor. Ho sat til 1994, då sjukepleiarutdanninga på Stord, blei ein del av Høgskulen Stord/Haugesund. Skulen blei då ei eiga avdeling med namnet: Avdeling for førebyggjande helsearbeid. Ein fekk no valt leiing med dekan, prodekan, studieleiar og kontorsjef. Seinare blei fagmiljøet ein del av avdeling for helsefag kor både sjukepleiarutdanninga i Haugesund og på Stord inngjekk. Samla sett blei desse to sjukepleiarutdanningane ei stor utdanning på tvers av to fylker, sjølv om utdanningane i stort monn levde sine eigne liv med noko samarbeid og felles leiing.

På Ådland hadde ein to opptak i året av studentar. Etter kvart som studenttalet auka, blei det trong for meir plass og betre og meir tidsriktige lokale både for studentar og tilsette. Det blei starten for nybygg-prosjektet og samlokaliseringa på Rommetveit.

I oktober 2004 stod nye og moderne lokalar på Rommetveit klar, og samlokaliseringa med lærarutdanninga var eit faktum.

Gjennom åra har sjukepleiarutdanninga på Stord vore gjennom store forandringar. Studenttalet har auka monaleg dei siste åra. Forskinga har fått ein mykje større plass, og krava frå våre eigarar har vorte skjerpa. Teknologi og digitalisering er under frammarsj, og kompetansebygginga i personalet har vore stor og viktig.

Gjennom alle år har utdanninga hatt eit godt samarbeid med praksisfeltet. Ein har hatt studentar i praksis over heile Sunnhordlandsbassenget både i Odda, på Valen, på Stord, på Voss og i starten var det fleire som fekk sin praksis på barneklínikken i Bergen.



“

Sjukepleiarutdanninga ved HVL består av 50% teori og 50% praksis. Vi har topp moderne øvingsavdelingar med simulatorutstyr der du øver på prosedyrar og realistiske scenario i autentiske omgjevnadar.

På denne måten blir du godt forberedt til å møte pasientar i praksis. Vi legg vekt på tett oppfølging av deg som student.

Snorklypp på sjukepleiaraskulen



Det var preg av høgtid då Gurli Karin Tveit klypte snora for den nye sjukepleiaravdelinga på HSH i går.

I går var det offisiell opning av det nye sjukepleiarsenteret ved Høgskulen Stord/Haugesund på Rommetveit.

Ho fortel at ei fersk studentevaluering røper at studentane berre har positive ting å seia om den nye studiestaden.

– Og studentane si meining er absolutt den viktigaste, seier

og me har trivst frå første dag, understrekar Tveit.

– Finast i landet

– og ein av dei beste i landet, seier Randi.

sjukepleiaravdelinga i landet, seier ho.

Nybygget er på om lag 3.000 rutemeter. Til saman er om lag 1.100 studentar og tilsette i sving på kuleområ-

Utdanninga har rekruttert godt i frå Sunnhordlandskommunane, men og vore ein populær studiestad for mange studentar i frå Bergensområdet. Omdømmet har i alle år vore godt. Eit lite estimat viser at sjukepleiarutdanninga på Stord gjennom desse 40 år har forsynt regionen med 2537 kandidatar. Det er eit tal som monnar.

Fagutviklinga har gjennom åra vore god. Nye etter- og vidareutdanningar og eit breitt kurstilbod har vakse fram. Fagfolka har i stor grad sett behova i samfunnet, tolka politiske signal og kome opp med aktuelle og etterspurde tilbod. I 2013 fekk fagmiljøet på plass ein masterutdanning i klinisk helse og omsorgsvitskap. No går sjukepleiarutdanninga og fagmiljøet inn i ei ny tid med Høgskulen på Vestlandet.



INSTAGRAM@hvl.no



FACEBOOK@hvl.no



SNAPCHAT@hvl.no